Samarbeidsavtale om DigiVestland

Bakgrunn

DigiVestland er eit av digitaliseringsnettverka som er del av KS sin samstyringsstruktur for digitalisering av kommunane. Landstinget i KS vedtok i 2020 å utvikle samordnings- og samstyringsstrukturen for digitalisering og smart bruk av teknologi vidare. Utviklingsarbeidet skal gjerast i samarbeid med regionale digitaliseringsnettverk. Denne målsetnaden vart ytterlegare konkretisert på landstinget i 2024. I «Fremtidens digitale Norge», som er digitaliseringsstrategien til regjeringa mot 2030, står òg følgjande:

«KS har sammen med sine medlemmer etablert en rekke råd og utvalg som skal bidra til å koordinere og samordne digitaliseringsarbeidet i kommunesektoren. Den strategiske samordningen foregår i dag gjennom en samstyringsstruktur for digitalisering. KS' oppdrag skal løses i tett samarbeid med regionale digitaliseringsnettverk. Nettverkene eies og styres av kommunene, og har en viktig oppgave med å bidra til kompetanseheving, erfaringsdeling og utbredelse av felles løsninger. Digitaliseringsnettverkene har også en rolle i innføringen av nasjonale fellesløsninger og -tjenester til bruk i kommunal sektor. Det bør etableres modeller som bidrar til økt gjennomføringskraft av digitalisering i kommunal sektor. Digitaliseringsnettverkene spiller en viktig rolle i dette arbeidet.»

Om avtalen

Avtalen regulerer samarbeidet om digitaliseringsnettverket «DigiVestland». Avtalen gjeld frå 01.03.2025, eller frå den dagen den enkelte deltakarkommune har signert han. Denne avtalen byggjer på avtalen som gjekk ut 31.12.2024. Avtalen må vere vedtatt av kommunestyret før den er bindande for den aktuelle kommunen.

I tråd med kommunelova kapittel 20, er Bergen kommune vertskommune for DigiVestland.
Det blir ikkje etablert ei eiga juridisk eining for samarbeidet. Som vertskommune har Bergen kommune økonomi- og personalansvar for dei tilsette i DigiVestland.

Kommunar i Vestland fylke kan slutte seg til denne avtalen. Samarbeidet har høve til å invitere observatørar. Signerte avtalar blir lagt som vedlegg til avtalen og viser kven som er avtalepart. Årsmeldinga vil gi oversikt over partane som er med.

Kommunelova § 20-2, første leddet, avgrensar vedtaksmyndet til vertskommunen med ei delegasjonssperre. I saker med prinsipiell betydning kan ikkje vertskommunen fatte vedtak. Slike saker skal behandlast i kvar enkelt kommune.

Når samarbeidet er etablert har vertskommunen ansvar for å informere statsforvaltaren.

Formål og oppgåver

Samarbeidet skal styrke og koordinere kapasiteten og kompetansen som kommunane har til å digitalisere. Samarbeidet skal bidra til at kommunane tek del i digitalisering av offentleg sektor i tråd med nasjonale strategiar. Samarbeidet skal også bidra til å styrke den regionale delen av samstyringsstrukturen.

Kommunane i Vestland etablerer DigiVestland for å samarbeide aktivt om å bruke samstyringsstrukturen som KS har for digitalisering. Samarbeidet skal bidra til å utvikle tenestene som skal leverast av kommunane.

Kommunane treng kompetanse om dei digitale økosystema i offentleg sektor for å kunne bidra til utviklingsarbeid og ta ut tenestene som blir levert. DigiVestland vil vere verktøyet

kommunane har for å forstå og nytte seg av dei digitale økosystema, der til dømes KS Digital, Norsk helsenett og Digitaliseringsdirektoratet inngår.

DigiVestland skal bidra til at kommunane har nytte av kvarandre gjennom å samarbeide innanfor dei tjenesteområda som er del av KS' samstyringsstruktur.

Deltakarkommunane skal samarbeide om å

- styrke og dele den samla kompetansen
- innføre, bruke og ta ut gevinstar av løysingar og prosjekt
- løfte behov kommunane har for nye løysingar og tenester inn i samstyringsstrukturen

Partane sine pliktar

Vertskommunen
Som vertskommune skal Bergen kommune sørge for å oppfylle avtalen innanfor gjeldande rammer i kommunelova og særlovar.

Bergen kommune har ansvar for å forvalte midlane som kommunane betaler i deltakarbidrag. Bergen kommune skal legge årsmelding, rekneskap og budsjett fram for deltakarkommunane. Deltakarbidrag blir fakturert årleg. Vertskommunen har arkivansvar for samarbeidet.

Bergen kommune skal drifte eit sekretariat med tilstrekkelege ressursar og rett kompetanse. Sekretariatet skal ha ein leiar og tilgang på tilsette som kan utføre oppgåvene. Innanfor budsjettramma, som omfattar grunnfinansiering og tilskot frå eksterne, er det opp til vertskommunen å vurdere kor stort sekretariatet skal vere. Tilsettingar skjer etter løns- og avtalevilkåra til Bergen kommune.

Når sekretariatet kjøper varer eller tenester, skal vertskommunen følgje lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Kommunane
Kommunane utgjer samarbeidet og bidrar til å oppfylle avtalen. Det er kommunedirektør som forvaltar samarbeidet og avtalen. Kommunedirektør vel kven som skal vere deltakar frå kommunen i samarbeidet.

To eller fleire kommunar kan velje å gå saman om å delta i møteplassar med éin felles representant. Dette gjeld møteplassar der representantane ikkje er oppnemnd.

Kommunane dekker eigne interne kostnadar som dei har for å delta i samarbeidet.

Styring
Når avtaleperioden startar, er samansetninga av grupper og styringsorgan lagt tett opptil korleis KS har organisert samstyringsstrukturen. Styringsgruppa vedtar endringar i strukturen til DigiVestland-samarbeidet, med mandat som høyrer til.

Kommunedirektørmøtet
Kommunedirektørmøtet er øvste organet i samarbeidet. Møtet består av kommunedirektørane i kvar deltakande kommune. Leiaren av styringsgruppa leiar kommunedirektørmøtet. Kommunedirektør kan ikkje delegere deltaking i møtet. Styringsgruppa førebur saker, og leiaren for sekretariatet er sekretær.

Kommunedirektørmøtet er årsmøte for samarbeidet. Vertskommunen legg årsmelding og rekneskap fram for dette møtet. Kommunedirektørmøtet set den strategiske retninga for samarbeidet. Kommunedirektørmøtet vedtar deltakarbetaling. Etter framlegg frå ei valnemnd, oppnemnar kommunedirektørmøtet representantar til styringsgruppa.

Endringar i samarbeidsavtalen skal behandlast i kommunedirektørmøtet før eventuell politisk behandling i den enkelte kommune.

Styringsgruppa
Styringsgruppa for samarbeidet førebur saker til kommunedirektørmøtet, og følger opp strategiske avgjersler. Styringsgruppa vedtek budsjett og prosjektportefølje. Det er styringsgruppa som vedtek mandat for dei ulike styringsorgana. Kommunane skal fortløpande bli underretta om vedtaka til styringsgruppa.

Finansiering
DigiVestland-samarbeidet blir i hovudsak finansiert av deltakarbidrag frå kommunane. I tillegg kjem bidraget vertskommunen gir gjennom administrative tenester, kontorlokale, og tilsette som i tillegg til sekretariatet er med å løyse oppdraget i denne avtalen. Ytterlegare finansiering kan kome i form av tilskot til prosjekt frå statsforvaltaren, eller etter til dømes oppdragsbrev frå KS.

Deltakarbidrag for samarbeidet er ein kombinasjon av fast sum og sum per innbyggjar, med eit maksimumsbeløp. Bidraget blir justert frå tidlegare avtaleperiode, og fastsett av vertskommunen ved oppstart av ny periode.

Deltakarbidraget kan endrast etter vedtak i kommunedirektørmøtet, første gang i møte i 2026, med verknad frå 01.01.2027.

Oppløysing og avslutning
Vertskommunesamarbeidet kan avsluttast omgåande dersom alle partar er samde om det.

Kvar deltakar kan seie opp avtalen med eitt års oppseiingstid rekna frå 1. januar, jf. kommunelova § 20-8.

Avtalen er inngått mellom vertskommunen og deltakarkommunen:

_____	_____
Dato	Dato
_____	_____
(signatur)	(signatur)
Kjetil Århus	_____
Digitaliseringsdirektør	Kommunedirektør,
Bergen kommune	_____ kommune